

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 9/2004

Møtedato: 5.2.04

Arkiv nr:

STRAUM TIL BUØDDIN

Frå Statskog har fjellstyret fått oversendt planer om framføring av straum til Buøddin.

Det er planlagt å leggja ny kabel frå Nøsen fjellstue, langs Panoramavegen, forbi Tuvmarkstølen til stølsvegen Nøsen-Bukono, herifrå går traséen over Dansarsletthaugane til F 109 og til krysset ved Panoramavegen. Sidan traséen går over Dansarsletthaugane foreslår Statskog at ein ser på planen under befaringa den 14. juni.

Statskog ber fjellstyret om uttale til planane.

Ut frå kartet meiner fjellstyret at traséen går sør for Dansarsletthaugane og anlegget er derfor ikkje i konflikt med kulturminneinteresser.

VEDTAK:

Fjellstyret ser det ikkje som nødvendig med befaring og har ingen merknader til utkastet som er lagt fram.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.2.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog